

PROTOKOLL

Tysdag 7. mai 2013 blei det helde møte i representantskapet for **Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS**. Møtet blei leia av representantskapsleiar Aasmund Austerheim.

MØTESTART / MØTESLUTT	kl. 18.00 – kl. 19.00
MØTESTAD:	Tysvær rådhus, Cleng Peerson-rommet
MEDLEMMER SOM MØTTE:	Aasmund Austerheim , Tysvær Astri Furumo , Haugesund, nestleiar Marianne Kvilhaug Svendsen , Karmøy Per Fatland , Vindafjord Ståle Tungesvik , Etne Egil Bakke , Sauda
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Berit Myrland , Suldal
FORFALL:	Sverre Underbakke, Suldal Marte Eide Klovning, Utsira (og varaordførar)
IKKJE MØTT:	Johannes Nilssen, Bokn Håkon Skimmeland, Sveio
FRÅ STYRET MØTTE:	Arne Gjerde , Tysvær, fung. styreleiar/nestleiar
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Toril Hallsjø , dagleg leiar

FØLGENDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

DAGLEG LEIAR SI INNSTILLING:

Innkalling og saksliste for representantskapsmøte 07.05.13 blir godkjent.

Handsaming i møte 07.05.13:

Ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og saksliste for representantskapsmøte 07.05.13 blir godkjent.

SAK 2/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.05.12

DAGLEG LEIAR SI INNSTILLING:

Protokollen frå representantskapsmøte 08.05.12 blir godkjent.

Handsaming i møte 07.05.13:

Ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Protokollen frå representantskapsmøte 08.05.12 blir godkjent.

SAK 3/13 REFERATSAKER

DAGLEG LEIAR SI INNSTILLING:

Referatsakene blir tatt til orientering.

Handsaming i møte 07.05.13:

Dagleg leiar orienterte om ny firmaattest frå Enhetsregisteret, endringar i kommunelov og lov om interkommunale selskap.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Referatsakene blir tatt til orientering.

SAK 4/13 SUPPLERINGSVAL - NY STYRELEIAR

Saka fremma utan innstilling.

Handsaming i møte 07.05.13

Frå Karmøy formannskap var representantskapet oppmoda om å gje Gunnhild Koch fri frå styrevervet og å velje Norunn Byrknes som nytt styremedlem, gjerne som styreleiar.

Aasmund Austrheim viste til selskapsavtalen § 12 om val og skifte av styre. Han sette fram følgjande framlegg:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner søknad om fritak frå vervet som styreleiar og medlem av styret frå Gunnhild Koch.

Norunn Byrknes vert valt som medlem av styret for inneverande valperiode 2011-2015 fram til ny representantskapsperiode frå mai 2016.

Framlegga blei samrøystes vedteken. Arne Gjerde forlèt så møtet under vidare ordskifte.

Astri Furumo gjorde framlegg om Arne Gjerde som ny styreleiar, Torleif Lothe som nestleiar og Norunn Byrknes som styremedlem. Ho la då vekt på kontinuitet og at det var naturleg med opprykk i verva. Representantskapet støtta framlegget.

Per Fatland gjorde framlegg om at Siv Bente Østbø (Vindafjord) fortsatte som varamedlem, nå for Norunn Byrknes. Framlegget blei samrøystes vedteken.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner søknad frå Gunnhild Koch om fritak frå vervet som styreleiar og medlem av styret.

Norunn Byrknes vert valt som medlem av styret for inneverande valperiode 2011-2015 fram til ny representantskapsperiode frå mai 2016.

Som nytt styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS for 2013-2015 blei følgjande valt:

<i>Styremedlem</i>	<i>Personleg varamedlem</i>
<i>Arne Gjerde (Tysvær) – leiar</i>	<i>Arne Hosaas (Bokn)</i>
<i>Torleif Lothe (Haugesund) – nestleiar</i>	<i>Andreas Bårtvedt (Sveio)</i>
<i>Norunn Byrknes (Karmøy) - styremedlem</i>	<i>Siv Bente Stople Østbø (Vindafford)</i>

Arne Gjerde blei så henta inn og gratulert med leiarvervet.

SAK 5/12 DELTAKING I INTERKOMMUNALT ARKIV (IKA) I ROGALAND IKS

STYRET SITT FRAMLEGG TIL INNSTILLING:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS godkjenner medlemskap i Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS frå og med 2013.

Handsaming i møte 07.05.13:

Dagleg leiar opplyste at representantskapet for IKA hadde godkjent saka i møte 25.04.13, sak 4/13. Representantskapet støtta innmeldinga.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS godkjenner medlemskap i Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS frå og med 2013.

SAK 6/13 ÅRSMELDING 2012

STYRET SITT FRAMLEGG TIL INNSTILLING:

Årsmeldinga for 2012 for Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS vert godkjent.

Handsaming i møte 07.05.13:

Dagleg leiar orienterte om meldinga og drifta.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Årsmeldinga for 2012 for Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS vert godkjent.

SAK 7/13 ÅRSREKNESKAP 2012

STYRET SITT FRAMLEGG TIL INNSTILLING:

Årsrekneskapan for 2012 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 183.349. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

Handsaming i møte 07.05.13:

Dagleg leiar orienterte om bakgrunn for resultatet og svara på spørsmål.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Årsrekneskapen for 2012 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 183.349. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

SAK 8/13 BUDSJETT 2014**STYRET SITT FRAMLEGG TIL INNSTILLING:**

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2014 slik det er lagt fram av styret: (sjå vedtak).

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, herunder å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka utover representantskapet sitt vedtak.

Handsaming i møte 07.05.13:

Dagleg leiar orienterte og svara på spørsmål om porto og bruk av lese Brett. Fullmakta er som tidlegare år. Elles ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2014 slik det er lagt fram av styret.

Inntekter 2014		Utgifter 2014	
Tilskudd	1 722 000	Lønn- og sosiale utgifter	1 450 000
Andre inntekter	8000	Driftsutgifter	280 000
Inntekter totalt	1 730 000	Utgifter totalt	1 730 000
Resultat	0		0

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, herunder å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka utover representantskapet sitt vedtak.

SAK 9/13 ØKONOMIPLAN 2014-2017**STYRET SITT FRAMLEGG TIL INNSTILLING:**

Representantskapet godkjenner økonomiplan for 2014-2017 slik det er lagt fram av styret.

	2013	2014	2015	2016	2017
<i>Inntekter:</i>					
Tilskudd	1 655 000	1 722 000	1 791 000	1 863 000	1 938 000
Andre inntekter	2.000	8.000	8.000	7.000	7.000

Totalt	1 657 000	1 730 000	1 799 000	1 870 000	1 945 000
<i>Utgifter:</i>					
Lønn og sos. utg.	1 384 000	1 450 000	1 508 000	1 570 000	1 633 000
Driftsutgifter	269 000	280 000	291 000	300 000	312 000
Totalt	1 653 000	1 730 000	1 799 000	1 870 000	1 945 000
Resultat	4 000	0	0	0	0

Handsaming i møte 07.05.13:

Dagleg leiar gjekk gjennom framlegget. Ho og fung. styreleiar svara på spørsmål. Det er ikkje lagt inn aktivitetsauke i perioden. Elles ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Representantskapet godkjenner økonomiplan for 2014-2017 slik det er lagt fram av styret.

	2013	2014	2015	2016	2017
<i>Inntekter:</i>					
Tilskudd	1 655 000	1 722 000	1 791 000	1 863 000	1 938 000
Andre inntekter	2.000	8.000	8.000	7.000	7.000
Totalt	1 657 000	1 730 000	1 799 000	1 870 000	1 945 000
<i>Utgifter:</i>					
Lønn og sos. utg.	1 384 000	1 450 000	1 508 000	1 570 000	1 633 000
Driftsutgifter	269 000	280 000	291 000	300 000	312 000
Totalt	1 653 000	1 730 000	1 799 000	1 870 000	1 945 000
Resultat	4 000	0	0	0	0

EVENTUELT

På bakgrunn av innspel frå Per Fatland var representantskapet samd i å sende over følgjande:

Representantskapet vil be styret vurdere om selskapet skal fortsette å føre løn og rekneskap sjølv eller å setje det ut eksternt, sett i ljøs av ressursbruk for dagleg leiar å holde seg oppdatert.

Aksdal, 7. mai 2013

Aasmund Austerheim (sign.)
representantskapsleiar



Toril Hallsjø
dagleg leiar